

Love for ULSTEIN SEILFORENING stifta 17.10.74

Vedtekne 04.12.96 med seinare endringar, seinast av 15.01.06
Godkjent av Idrettsstyret 13.02.97 (1)

§ 1 Føremål

Ulstein Seilforening (USF) sitt føremål er å drive idrett organisert i Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité (NIF).

Arbeidet skal pregast av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal bygge på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegheit.

§ 2 Organisasjon

USF er medlem av NIF gjennom Møre og Romsdal idrettskrets.
USF er medlem av dei/ det særforbund som USF sitt årsmøte bestemmer.
USF høyrer heime i Ulstein kommune, og er medlem av
Ulstein idrettsråd.(2)

USF er sjølvvegande og frittstående med utelukkande personlege medlemmer.(3)
Reglane i NIFs lov kapittel 1, 2, 10 11, 12, 13 og 14 gjeld USF uavhengig av kva
som måtte stå i USF sine egne lover.

§ 3 Medlemmer

Alle som aksepterer USF og overordna idrettsorgan sine lover og vedtekter kan bli tatt opp som medlem.(4)

Dessutan må alle medlemmer følgje lovene til NIF, andre organisasjonsledd
samt USF sine lover og vedtekter.

Ein søkjar kan ikkje bli medlem utan at økonomiske plikter til andre
organisasjonsledd i NIF er gjort opp.

Medlemskap i USF er først gyldig og blir rekna frå den dag første kontingent er betalt.

§ 4 Medlemskontingent og avgifter

Medlemskontingenten blir fastsett på årsmøtet og skal betalast på forskot.

Andre avgifter/eigendelar kan krevjast for deltaking i USF sine aktivitetstilbod.

§ 5 Stemmerett og valgbarheit

For å ha stemmerett må ein vere fylt 15 år, hatt gyldig medlemskap i minst 1 månad og ha oppfylt medlemskrava, jfr. NIFs lov § 2-5. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt, jfr. NIFs lov § 2-9.

Alle medlemmer som har stemmerett kan veljast til tillitsverv og som representant til ting eller møte i overordna organisasjonsledd. Ei tillitsvald kan derimot ikkje samtidig vere arbeidstakar i laget. Ein utøvar med kontrakt og medlemskap i laget kan derimot veljast som representant til ting eller møte i overordna organisasjonsledd.

Medlemmer som skuldar kontingent har ikkje stemmerett, kan ikkje veljast og kan ikkje vere representant til ting eller møte i overordna organisasjonsledd.

Medlem som skuldar kontingent for meir enn 1 år, kan av styret strykast som medlem i USF.(5)

Dersom medlemmen, ved forfall, skuldar 2 års kontingent, skal medlemskapet avsluttast ved strykning frå USF si side. Når ein medlem er stroken, kan vedkomande ikkje takast opp att før skuldig kontingent er betalt.

§ 6 Godtgjering til tillitsvalde

For refusjon av utgifter og godtgjersle til USF sine tillitsvalde gjeld:

Tillitsvald kan få refusjon for nødvendige, faktiske utgifter, inkludert tapt arbeidsforteneste, som vedkomande vert påført i utføringa av vervet. Tillitsvald kan ta imot ei rimeleg godtgjering for arbeidet sitt. Utgifter til tapt arbeidsforteneste og til godtgjering skal gå fram av budsjett og rekneskap.

§ 7 Inhabilitet (6)

Tillitsvalde, oppnemnde representantar og tilsette er inhabile til å legge til rette grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerd:

- a) når vedkomande sjølv er part i saka
- b) når vedkomande er i slekt eller svogerskap med ein part i oppstigande eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken
- c) når vedkomande er gift med eller er forlova eller sambuar med ein part
- d) når vedkomande er leiar for eller har leiande stilling i eller er medlem av styret i eit selskap som er part i saka

Likeså er tillitsvalde, oppnemnde representantar og tilsette inhabile når andre særeigne forhold ligg føre som kan svekke tilliten til om vedkomande er upartisk.

Blant anna skal det leggst vekt på om avgjerda i saka kan gi særleg fordel, tap eller ulempe for vedkomande sjølv eller nokon som vedkomande har nær personleg tilknytning til. Det skal også leggst vekt på om inhabilitetsmotsegn er reist av nokon part.

Inhabilitetsspørsmålet blir avgjort av det aktuelle organet.(7)

Inhabilitetsreglane skal ikkje brukast dersom det er innlysande at den tillitsvalde eller

Tilsette si tilknytning til saka eller partane ikkje vil kunne påverke vedkomande sine standpunkt og at idrettslege interesser ikkje tilseier at vedkomande bør vike sete.

Er ein overordna inhabil, kan avgjerd i saka heller ikkje treffast av direkte underordna i same organisasjonsledd.

Med part er det her meint tillitsvalde, oppnemnde representantar og tilsette som ei avgjerd rettar seg mot eller som

saka elles direkte gjeld.

§ 8 Straffesaker

For alle straffesaker gjeld NIFs lov kapittel 11 og 12 (NIFs straffevedtekter).

§ 9 Årsmøtet

USF sitt øvste organ er årsmøtet som blir halde kvart år i januar månad. Styret kallar inn til årsmøte med minst ein månad varsel,(8) direkte til medlemmene og/eller ved kunngjering i pressa, eventuelt på USF si internettside. Forslag som skal handsamast på årsmøtet må være sendt til styret seinast 2 veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag må være tilgjengeleg for medlemmene seinast 1 veke før årsmøtet.

Alle USF sine medlemmer har tilgjenge til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller media til å være til stades, eventuelt vedta at årsmøtet kun er ope for medlemmer.

Lovleg innkalla årsmøte er vedtaksført dersom det møter eit tal medlemmer som minst svarar til talet på styremedlemmer. Dersom årsmøtet ikkje er vedtaksført, kan det kallast inn til årsmøte på nytt uten krav om minimumsdeltaking.

På årsmøtet kan ikkje handsamast forslag om lovendring som ikkje er oppført på utsendt/kunngjort sakliste. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei med stemmerett på årsmøtet vedtek det, ved godkjenning av saklista.

§ 10 Leiing av årsmøtet

Årsmøtet blir leia av vald(e) dirigent(ar). Dirigenten/-ane treng ikkje vere medlem av USF.

§ 11 Årsmøtet sine oppgaver

Årsmøtet skal:(9)

1. Godkjenne dei som har stemmerett.
2. Godkjenne innkalling, sakliste og møtereglar.
3. Velje dirigent(ar), sekretær(ar)(10) samt 2 representantar til å underskrive protokollen.
4. Handsame årsmelding, herunder eventuelle gruppeårsmeldingar.
5. Handsame rekneskap i revidert stand.(11)
6. Handsame innkomne forslag og saker.
7. Fastsetje medlemskontingent.
8. Vedta budsjett.(11)
9. Handsame organisasjonsplan. (12)
10. Gjere følgjande valg:
 - a) Leiar og nestleiar
 - b) 3-5 styremedlemmer (13) og 2 varamedlemmer
 - c) Andre valg i høve til årsmøtevedtatt organisasjonsplan, jfr. § 11 pkt. 9.

- d) 2 revisorer (14)
- e) Representantar til ting og møte i dei organisasjonar som USF er tilslutta.
- f) Valgkomite med leiar og 2 medlemmer og 1 varamedlem for neste årsmøte.

Leiar og nestleiar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemmene til styret skal veljast samla. Deretter blir varamedlemmene valde samla, og ved skriftleg valg blir rekkjefølgja avgjort i høve til stemmetala.

Det skal veljast kandidatar/representantar frå begge kjønn. Samansetjinga skal vere høvesvis i samsvar med kjønnsfordelinga i medlemsmassen i USF, men likevel slik at det skal vere minst 2 representantar fra kvart kjønn. I grupper, råd og utval m.m. som har 2 eller 3 medlemmer, skal begge kjønn vere representert.

Valga skjer i samsvar med NIFs lov § 2-11.

§ 12 Stemmegjeving på årsmøtet

Med mindre anna er lovfesta skal eit vedtak for å vere gyldig ha fått vanleg fleirtall av dei avgitte stemmene.

Valg skjer skriftleg dersom det ligg føre meir enn eitt forslag eller det blir fremja krav om det.

Dersom det skal være skriftlege valg, kan berre føreslegne kandidater først opp på stemmeseddelen. Stemmesedlar som er blanke, eller som inneheld ikkje føreslegne kandidatar, eller som ikkje har det talet det skal stemmast over, tel ikkje, og stemmene blir rekna som ikkje avgjevne.

Når eit valg skjer enkeltvis og ein kandidat ikkje får meir enn halvparten av dei avgitte stemmene, skal det haldast omvalg mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer. Er det ved omvalg uavgjort, skal valget avgjerast ved loddtrekning.

Når det ved valg skal veljast fleire ved ei avstemming, må alle, for å bli valde, ha meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene. Dette gjeld ikkje ved valg av varamedlemmer. Dersom ikkje mange nok kandidatar har oppnådd dette i første omgang, blir dei valde som har fått meir enn halvparten av stemmene. Det blir så halde bunde omvalg mellom dei andre kandidatane, og etter denne avstemminga er dei valde som har fått flest stemmer. Er det ved omvalg uavgjort, blir valget avgjort ved loddtrekning.

§ 13 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte blir innkalla av styret med minst 14 dagar varsel etter:

- a) Vedtak på ordinært årsmøte.
- b) Vedtak i styret.
- c) Skriftleg krav fra 1/3 av medlemmene.
- d) Krav etter vedtak i overordna organisasjonsledd: NIF eller idrettskrets.

Ekstraordinært årsmøte i skal berre handsame dei sakene som er med i vedtaket eller i kravet om innkalling av årsmøtet.

§ 14 Styret (15)

USF blir leia og forplikta av styret, som er USF sitt høgste organ mellom årsmøta.

Styret skal: (16)

1. Iverksetje årsmøtet og overordna idrettsorgan sine vedtak og avgjersler..
2. Syte for administrasjon og føre nødvendig kontroll med USF sin totale økonomi i samsvar med gjeldande instruksar og vedtekter for idretten.(17)
3. Etter behov oppnemne komitear/utvalg/personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for desse.
4. Representere USF.

Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det eller eit fleirtall av styremedlemmene krev det.

Styret er vedtaksført når eit fleirtall av medlemmene i styret er til stades. Vedtak blir gjort med fleirtall av dei avgitte stemmene. Ved stemmelikheit er møteleiaren si stemme avgjerande.

§ 15 Grupper/avdelingar/komitear

USF skal ha valgkomite som skal veljast på fritt grunnlag på årsmøtet , etter innstilling frå styret, og har som oppdrag å legge fram innstilling på kandidatar til alle andre tillitsverv som skal veljast på årsmøtet.

USF kan organiserast med grupper og/eller avdelingar. Årsmøtet gjer vedtak om skiping av grupper/avdelingar, og korleis desse skal organiserast og leiast. Dette blir vedteke i samband med årleg handsaming av USF sin organisasjonsplan, jfr. § 11 pkt. 9.

Heile laget heftar for grupper/avdelingar sine økonomiske plikter og ansvar, og rupper/avdelinger kan ikkje gjere avtalar eller representere USF utan godkjenning frå styret.(18)

§ 16 Lovendring (19)

Lovendring kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore oppført på saklista, og krev 2/3 fleirtall av dei avgitte stemmene.

Lovendingar må godkjennast av Idrettsstyret, og trer ikkje i kraft før dei er godkjende.

Idrettsstyret kan i samband med godkjenning av underliggande organisasjonsledd sine lover, redigere desse slik at dei ikkje kjem i motstrid til vedtekten i NIFs lov.

§ 17 kan ikkje endrast.

Lovendingar gjort av Idrettstinget, som har konsekvensar for USF, trer i kraft straks.

§ 17 Oppløysing (20)

Oppløysing av USF kan bare handsamast på ordinært årsmøte. Blir oppløysing vedtatt med minst 2/3 fleirtall, skal det innkallast til ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare.

For at oppløysing skal skje, må vedtaket også her gjerast med 2/3 fleirtal.

Samanslåing med andre lag blir ikkje rekna som oppløysing av USF.(21)

Vedtak om samanslåing og nødvendige lovendringar i samband med dette skal gjerast i samsvar med vedtektene om lovendring, jfr. § 16.

I tilfelle oppløysing eller anna opphøyr av USF tilfell USF sine eignelutar NIF eller førmål godkjent av Idrettsstyret. Ved konkurs blir organisasjonsleddet rekna som oppløyst og misser såleis medlemskapet i NIF. Ved konkurs gjeld reglane i konkurslova og dekningslova.

Fotnoter:

1) Jfr. NIFs lov §§ 2-2, 2-15 og 10-5

2) Idrettslag kan bare være medlem av ett idrettsråd. Hvis et idrettslags naturlige område strekker seg over mer enn en kommune, avgjør lagets årsmøte ved lovvedtak hvilket idrettsråd det tilhører.

3) Personlige medlemmer betyr at idrettslaget ikke har anledning til å operere med andre typer medlemskap, som for eksempel familiemedlemskap og firmamedlemskap. Enten er man personlig medlem eller så er man ikke medlem. At det innføres familiekontingent er å anse som en rabattordning, og har ikke noe med selve medlemskapet å gjøre.

4) Når det står «kan bli tatt opp som medlem» innebærer dette at ingen har krav på å bli medlem. Lovutvalget har uttalt at på bakgrunn av bestemmelsens tilblivelse, har et idrettslag rett til å avslå en opptakssøknad i helt spesielle tilfeller. I tilfelle tvist avgjør idrettskretsen om søkeren kan tas opp. Kretsens avgjørelse kan innankes for Idrettsstyret innen 14 dager etter at rekommandert melding er sendt berørte parter.

5) Skyldig kontingent må forstås å være manglende innbetaling i forhold til den betalingsfrist som styret har satt ved utsending av kontingentkrav. Skyldig kontingent for mer enn ett år må forstås slik at det kan foretas strykning etter ordinært årsmøte og når det er vedtatt kontingent for nytt driftsår. Lagene oppfordres til å innarbeide gode rutiner i forhold til strykning.

6) Teksten i denne § kan erstattes med: «For inhabilitet gjelder NIFs lov § 2-7.»

7) Inhabilitetsreglene gjelder ikke på årsmøtet.

8) Minimumsfrist i forhold til NIFs lov § 2-8.

9) Dersom saklisten ikke fullføres, kan det innkalles til fortsettende årsmøte. Slik innkalling skjer på tilsvarende måte som for ordinært årsmøte, men eventuelt med kortere frist godkjent av årsmøtet. Fortsettende årsmøte kan bare behandle saker som var med i godkjent sakliste for årsmøtet.

10) Sekretæren(e) behøver ikke å være medlem i idrettslaget.

11) Regnskap og budsjett for idrettslag som er organisert med grupper/avdelinger, skal omfatte henholdsvis regnskapene og budsjettene for disse, og skal følge oppsettet i Idrettens kontoplan. Dette følger av at grupper/avdelinger i et idrettslag aldri kan være egne juridiske og økonomiske selvstendige enheter, da laget ellers ikke lenger ville vært ett idrettslag. Henviser for øvrig til § 15 i lagets lov.

12) Organisasjonsplanen skal regulere idrettslagets interne organisering. Minimumsinnholdet i en organisasjonsplan er oversikt over tillitsvalgte i tillegg til styret og de andre lovfestede tillitsverv.

13) Antall styremedlemmer og varamedlemmer fastsettes ved vedtakelse av loven, minimum 1 styremedlem og 1 varamedlem. Det er ikke noe i veien for at styremedlemmene kan velges

til spesifikke oppgaver.

14) Idrettslag med årlig omsetning på mer enn kr. 5.000.000,- plikter å ha engasjert revisor, jfr. NIFs Regnskaps- og revisjonsbestemmelser § 5-1. Idrettslag som kommer inn under denne bestemmelsen må ta inn nytt punkt 10 i § 11: «Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettslagets regnskap.» – og med tilsvarende forskyvning av neste punkt. Videre må § 11 (nytt) pkt 11 litra d) endres til: «Kontrollkomite på 2 medlemmer med 2 varamedlemmer.»

15) Denne høyeste myndighet kan ikke, verken helt eller delvis, delegeres til andre organer/personer innen laget (det kan således ikke lovfestes at et «representantskap» eller lignende skal kunne overprøve styrets vedtak)

16) Dette er et minimum av hvilke oppgaver som skal tillegges styret. Det er ikke noe i veien for at det kan bestemmes at styret skal ha andre oppgaver i tillegg.

17) Jfr. NIFs Regnskaps- og revisjonsbestemmelser.

18) Dette innebærer bl.a. at det bare er idrettslagets styre (hovedstyre der laget har grupper/avdelinger med egne styrer) som kan foreta ansettelser, inngå sponsoravtaler, evt. andre avtaler som binder idrettslaget rent juridisk/økonomisk.

19) Jfr. NIFs lov § 2-15, 2. ledd.

20) Jfr. NIFs lov § 2-16.

21) Ved sammenslåing skal eldste stiftelsesdato og klubbnummer for dette idrettslaget benyttes.